
Saksnr: 2020/35447-9
Saksbehandlar: Annike Gullestad
Dato: 02.11.2020

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsrevisjon Bybanen Utbygging - oppfylgging av vedtak i kontrollutvalet

På møte i kontrollutvalet den 15. juni 2020, vart det fatta slikt vedtak:

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av punkta 3, 4 og 5 i forvaltningsrevisjon internkontroll av Bybanen utbygging til møte i utvalet 25.11.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på kvart punkt for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 04.11.2020.

Fylkesrådmannen kan melda attende at fylgjande oppfylgjingspunkt er gjennomførte, dokumentert med vedlegg.

Nr	Anbefaling	Tiltak	Ansv.	Frist
3	Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinnet	System og rutinar for viderefakturering til etatar/ samarbeidspartar er under utvikling. Betingar i) at etatar/ samarbeidspartar aksepterer BU sin gjennomføringsmodell ift. nøyaktigheit på plassering av kostnader til kostnadsbærarar, og ii) aksept for likheit i fordeling av rigg-/drifts kostnader	Prosjekt-direktør BU	OK
4	Evaluerer prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4	Plan for evaluering og tiltak av i) arbeidsbeskrivelse for anskaffelses-formål og ii) val av gjennom-førings- og styringsmodell for slik kontrakt	Prosjekt-direktør BU	OK
5a	Løse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR	Dei største utfordringane mht samhandlingen med Bane NOR er nå å rekna som løyst.	Prosjekt-direktør BU	OK
5b	Løse utfordringane med oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsert	Her må dokumentserter sine rutinar for mottak og videreformidling av dokument gjennomgåast, oppdaterast - og etterlevast	Fylkesdirektør kultur og idrett	Vil koma i eiga rapportering

Oppfølging og dokumentasjon av handlingsplanen:

Punkt 3

Det utestår punkt i ein overordna avtale mellom Bybanen Utbygging og etatane for arbeid som vert utført i byggetrinn 4, men det er semje med VA-etaten om at det vert fakturert i henhold til ein Akontoplan pr år, vedlagt for 2020/21 (1). Den omfattar også fakturering av Bergen kommune, VA-etaten sitt bidrag til bl.a. finansiering av kanalen på Mindemyren totalt for prosjektet MNOK 71,5. For finansieringsbidraget frå Bergen kommune Bymiljøetaten, i sum for prosjektet MNOK 84,0, vert bidraga avtala og fakturert pr år, for 2020 er dette bidraget på MNOK 26,0 inkl mva

Det er utarbeida ein eigen Prosedyre for fakturering i hht kostnadsfordelingsavtale (2) som vert fylgt for fakturering av kontraktsarbeid gjort for kabeletatane og andre

For fakturering av endringar til kabeletatar og andre interessentar vert vedlagte Prosedyre for fakturering av endringar fylgt fortløpande (3)

Med Statens vegvesen er det gjort avtale om utbetaling og rapportering for deira andel av finansieringen av byggetrinn 4 i hht vedtak i Miljøløftet for sykkelstamveien fra Kristianborg til Sentrum, inkludert særavtale for «Minde Alle», sjå vedlagte orientering til Styringsgruppen for Byggetrinn 4 (4)


Punkt 4

Revidert prosjekteringskontrakt er inngått for D73 Kronstadtunnelen og så langt i gjennomføringen er erfaringane med denne kontrakten gode, og gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med omsyn til prosjekteringskontrakt for Byggetrinn 5.

Det har vore gjennomført ein erfaringsutveksling med Bane NOR med fokus på rådgivings- og prosjekteringskontraktar. Denne gav gode innspel til den vidare prosessen. Det er avtalt eit oppfølgingsmøte for å sjå vidare på erfaringar hjå begge aktørane.

Det har blitt gjennomført ein større evaluering av innkjøpsprosessene i Byggetrinn 4, rapporten frå denne er vedlagt her (5).

Plan for revidering av prosjekteringskontrakten og utarbeidelse av ny kontrakt er lagt som vist under:



Punkt 5 a

Alle konfliktpunkt/samhandlingsproblem fra revisjonstidspunktet blei løyst med fristilling av Kronstadsporet og areala på Mindemyren i oktober 2019, ref vedlagte overtakelsesprotokoll (6).

Punkt 5 b. Detver dialog med dokumentsenteret om dette, og ein vil koma attende med konkrete rutinar.

Vedlegg:

1. Akontoplan fakturering VA-etaten 2020/2021
2. Prosedyre for fakturering i henhold til kostnadsfordelingsavtaler
3. Prosedyre for fakturering av endringer
4. Redegjørelse ang rapportering/fakturering for Stamsykkelvei
5. Oppsummeringsrapport anskaffelser Btr 4
6. Overtakelsesprotokoll Kronstadsporet/Mindemyren